

Beate er ein livsnytar. Både matlaging og interiør ligg høgt på lista over brennande interesser – berre musikken er framfor. Måle kan ho òg, og ho står for fleire av kunstverka i heimen.

Bella Donna

På scena er Beady Belle-vokalist Beate Lech ująlete og lidenskapeleg. Heime er interiøret hennar akkurat like ekte.

TEKST CECILIE MOLVÆR JØRGENSEN PORTRETT BÅRD EK FOTOASSISTENT KIM GOROSTUEN PRODUKTFOTO B&B



Frykteleg glad i?
Denne lampa eg fann på Utopia på Grünerløkka. Eg skulle egentleg ikkje ha noko, men klarte ikkje å gå forbi, og enda opp med å bere den rundt på Løkka heile dagen.

Rotehovud eller ordensmenneske?

Eg er nok eit ordensmenneske. Fordi det er ganske kaotisk inne i meg, likar eg å ha orden på utsida. Men det er ei utfordring, spesielt med ei lita dotter på 1 ¾ år, som synast det kjekkaste i verda er å trykke brunosten ned i golvet ...

Handy eller dandy? Kanskje begge deler? Eg har pussa opp ein del, men står meir for oppmålinga enn sjølve saginga. Eg bestemmer kor skapet skal stå, men det er kanskje ikkje eg som bygger det, for å seie det slik.

Minimalisme eller maksimalisme?

I denne ordensmenneske hang up-en min er der nok eit snev av minimalisme. Men det kjem litt an på. Ta balkongen min, for eksempel. Der tar eg det maksimalistiske heilt ut, med mange store puter, fleire tepper på golvet, lyfter og urter. Litt 1001 natt-stemming!

Ikea, R.O.O.M. eller Fretex? Ei salig blanding. Eg kan ikkje bestemme meg for ein ting, då blir det frykteleg kjedeleg. I min heim, som sikkert består av 80 prosent arva møblar, går det ikkje an å seie enten det eine eller det andre.

Frå ein til ti, kor oppteken er du av interiør?

Eg er ganske høgt oppe, men eg får ikkje dyrka interessa så mykje som eg vil. Eg har flytta ganske mykje i barndomen – eg er skilsmissebarn – og var alltid veldig opptatt av å ha mi eiga hule. Så om eg ikkje heng på ein tiar, så kanskje ein åttar?

Heilt suveren?

Operasongarinna Cecilia Bartoli. Eg likar egentleg ikkje opera, men eg meiner ho syng jazz. Då eg såg eit bilde av ho, der blikket hennar åt meg opp, måla eg dette.



Kva drøyer du om? Eg er egentleg ikkje så drøymete av meg. Verkelegheita er så bra at eg treng ikkje drøyme. Slik som no, for eksempel, med nyttgitt plate og ein heil sommar fylt med turné og konsertar. Kven treng drøymar då?

Største wow-augeblikk?

Åh, jöss. Det er så mange wow-ar rundt omkring, at eg klarar ikkje å velje. Korleis rangere dei opp mot kvarandre? Nei, det var vanskeleg.

Største lidenskap? Musikk er hundre prosent lidenskap for meg. Det er snakk om å leve eller ikkje leve, stort meir lidenskapeleg kan det vel ikkje bli.

Eg er nok generelt ein livsnytar, og er frykteleg glad i interiør og i å lage mat. Men lidenskap, sånn langt inne i marginen, det er musikk for meg. □

Beady Belle er ute med albumet Belvedere og turnerar verda – og litt i Noreg – i sommar. Sjekk www.beadybelle.com



Kjelde til inspirasjon?
Wurlitzer-en min. Den har lyd av melankoli og 70-tal. Eg har laga mange fantastiske låtar på denne!



Affeksjonsverdi?
Barneserviset mitt som eg åt frå då eg var lita. Ein dag skal dottera mi òg gjere det. Men ikkje enno. Foreløpig er plast tryggast ...

Fullendt? Ringen som far min ga mor mi, og som eg har sett på handa hennar i mange år. Så fekk eg den. Eg er så glad i den!



Til balkongen?
Puffen eg fann i Egypt. Eg likar at balkongen skal vere innbydande og nesten litt overrådig.



Deilig liten ting? Third hand-veska eg kjøpte i Berlin. Det var så mykje fint i den butikken eg fann ho at eg kunne gått ut med fire-fem stykke. Men denne vann!

Prikk over i-en?
Bryllaupsskoa mine. Eg hadde egentleg kjøpt nokre andre, men då eg fann desse var dei perfekte.